



Hjønnevåg har halde til i Børnes Industriområde sidan tidleg på 1980-talet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**-Hvis kommunen vel å selja areal til eit firma som skal driva med slik verksemd, kan denne verksemda føra til at det vert uforsvarleg å driva med fiskeforedling på vårt anlegg**

Det skriv dagleg leiar for Brødrene Hjønnevåg AS Marit Hjønnevåg i eit brev som torsdag låg på bordet til politikarane i formannskapet.

Brevet gjorde såpass inntrykk at dei samrøystes vedtok å utsetja handsaminga av søknaden frå Trond L. Myklebust om å få kjøpa fem mål på Børnes til utskipinganlegg for sand frå Døssland-området. Før formannskapet tek standpunkt til søknaden ønskjer dei at det vert utarbeidd ein konsekvensanalyse. Det er tidlegare vedteke at det også skal lagast ein slik analyse for sandtaket og då ikkje minst med tanke på opprustning av veggen dit. Rådmannen hadde gått inn for sal til Myklebust.

Det var tidleg på 1980-talet Hjønnevåg kom til Børnes og var vore der sidan. Det er gjennomført fleire byggjetrinn og fiskeforedlinga har i dag 1.200 kvadratmeter produksjonsareal og 12 arbeidsplassar. Dei søkjer etter fleire arbeidsfolk. I seinare år har dei utvida marknaden sin og leverer snart fiskeprodukt til kundar i heile landet. Marit Hjønnevåg strekar under at dei er opptatt av trygg mat og gjer alt dei kan for å tilfredsstilla kundene og myndigheitene for å få dette til.

Difor er Hjønnevåg-leiinga svært uroa av at kommunen vurderer å selja areal på Børnes industriområde til utskipping av sand.

Marit Hjønnevåg minnar om at dei fleire gonger har vore i kontakt med kommunen og uttala klårt at den må vurderer kva verksemdar som skal ha tilhald der.


- Vi er redde for at sandutskipping så nær oss vil vera til hefte for vår produksjon. Vi har ikkje sett konsekvensutgreiing på dette. Det vil heller ikkje sjå særleg bra ut når våre kundar kjem på besøk å ha slik industri så nære innpå, dei er oppteke av "reine soner", skriv dagleg leiar.

Det var Knut Prestnes (Sp) som i formannskapet kom med forslaget om utsetjing på vegne av fleirtalspartia.

- Vi er i utgangspunktet positive til eit prosjekt som dette, men har fått kunnskap om at det er sett i gang ein konsekvensanalyse for sandtaket mellom anna med tanke på opprustning av veggen. Det bør også lagast ein slik analyse på bakgrunn av brevet frå Hjønnevåg, sa Prestnes.

- Det er synd at denne saka må utsetjast når ordførar og rådmann har arbeidd hardt for å få fart på tomtesalet på Børnes, men det er nødvendig av omsyn til Hjønnevåg, sa Torfinn Myklebust (IP) og viste til "bekymringsmeldinga" frå dagleg leiar. Myklebust antyda at det kunne bli tale om ei utsetjing i inntil to år. Frå "rådmannsbenken" vart det erkjent at dei hadde kjent seg utrygge på bakgrunn av Hjønnevåg og at det "ville vera synd om det blir spreidd rykte om at verksemda ikkje leverer fullgode produkt" Difor var ei utsetjing naturleg, medga også rådmannen.

Av Ola Matti Mathisen



Så nær Hjørnevåg blir utskipingsanlegget eventuelt liggande. Bedriften er bygningen lengst til høgre, medan utskipingsanlegget er det skraverte området på andre siden av kaia.